Fylkesmannen i Hordaland

Lars Selheim - Inspeksjonsrapport nr. 09.078

Verksemdas namn:	Lars Selheim	Arkivkode:	2007/6358-461.3
Verksemdas adresse:	Selheim, 5700 Voss	Anleggsnr:	1235.055.01
Organisasjonsnr:	969 583 275	Bransjenr.(NACE –kode):	15.130
Utsleppsløyve av:	19.07.2007	Tidsrom for kontrollen:	26.08.2009
Frå verksemda:	Lars Selheim	Frå Fylkesmannen:	Sissel Storebø og Silje Tingstad

Omfang

Følgjande område vart dekka under inspeksjonen:

- Internkontroll med hovudvekt på risikovurdering og avviksbehandling
- Utsleppskontroll og avløpssystem basert på utsleppsløyvet av 19.07.2007
- Kjemikalie: Substitusjon og sikkerhetsdatablad
- Farleg avfall

Fylkesmannen har ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda under inspeksjonen.

Hovudkonklusjon

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

1. Det vert ikkje tatt prøver av avløpsvatnet

2. Verksemda manglar substitusjonsvurdering og kunne ikkje framvise sikkerhetsdatablad for kjemikal som blir nytta

Det vart ikkje påvist merknadar under inspeksjonen.

Frist for å gi tilbakemelding om at avvika er retta er 15. Oktober 2009.

Dato 2 SEPT 2009

Silje Tingstad
Overingeniør

Kjell Kvingedal
seksjonssjef

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Lars Selheim 26.08.2009. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å beskytte det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten beskriv eventuelle avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. **Rapporten gir såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad http://www.fylkesmannen.no/hordaland.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningsloven) § 7 første ledd/andre ledd.
- Utsleppsløyve av 19.07.2007
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kap. 11 om farlig avfall
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) § 3a

3. Avvik

Avvik 1: Det vert ikkje tatt prøver av avløpsvatnet

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 19.07.2007 punkt 5.2

Kommentar: Verksemda har vore i drift sidan november 2008. Det er ikkje blitt tatt prøver av avløpsvatnet sidan oppstart, og verksemda kan derfor ikkje dokumentere at dei held seg innanfor gitte konsentrasjonskrav. I utsleppsløyvet er det sett vilkår om at verksemda skal ta prøver av avløpsvatnet fire gonger årleg. Prøvene skal analyserast på organisk stoff, fosfor, suspendert stoff og feitt. pH skal også målast.

Avvik 2: Verksemda manglar substitusjonsvurdering og kunne ikkje framvise sikkerhetsdatablad for kjemikal som blir nytta

Avvik frå: Produktkontrolloven §§ 3 og 3a

Kommentar: Det vart opplyst at sikkerhetsdatablad for vaskemiddel og andre kjemikalie som blir nytta i slakteriet var tilgjengelege på internett. Verksemda kunne ikkje framvise papirversjon av sikkerhetsdatablad.

Det blei opplyst at verksemda har valt kjemikal ut frå kva andre næringsmiddelverksemder i området nyttar. Verksemda har ikkje sjølv vurdert substitusjon av helse- og miljøfarlege stoff for dei kjemikalie de nyttar.

Alle verksemder som yrkesmessig bruker kjemikalie frå 01.01.2000 er pålagt å vurdere substitusjon av helse- og miljøfarlige kjemikalie. Lovfesting av substitusjonsprinsippet i produktkontrolloven inneber at kvar enkelt verksemd må vurdere kjemikaliebruken, og der det er mogleg redusere sin risiko ved å gå over til mindre skadelege alternativ.

4. Andre forhold

Verksemda er eit enkeltpersonforetak utan tilsette. Dersom verksemda tilset personell vil internkontrollforskrifta gjelde.